

Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Plan- og miljøutvalet	14.12.2023	030/23

Uttale til søknad om ny Øygarden transformatorstasjon og omlegging av luftledningar inn til stasjonen

KORT OM SAKA

Norges vassdrag- og energidirektorat (NVE) skal behandle konsesjonssøknader frå Statnett og BKK om å få etablere ein ny transformatorstasjon rett aust for Kollsnes og omlegging av 5 luftledningar i området inn mot stasjonen. Kommunedirektøren ser etableringa som heilt avgjerande for forsyningstryggleik, næringsutvikling og auka nettkapasitet i regionen, og meiner NVE må gje konsesjon på vilkår at det vert arbeidd breitt vidare med avbøtande tiltak for å minimere konsekvensar for innbyggjarar og natur- og miljø.

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FORSLAG TIL VEDTAK

Utval for Plan og miljø støttar søknadane til Statnett og BKK og ser på omsøkte tiltak som avgjerande for vidare elektrifisering, næringsutvikling og forsyningstryggleik i regionen vår.

NVE må pålegge Statnett og BKK å arbeide heilskapleg med avbøtande tiltak som kan vera med å redusere negative konsekvensar for natur- og miljøinteresser og innbyggjarane våre. Dette inkluderer vurdering om omsøkt trase frå kryss Dalsneset/Oksneset mot Kollsnes kan leggjast lenger mot sør parallelt med dagens trase.

SAKSOPPLYSNINGAR

Bakgrunn for saka

NVE skal behandla konsesjonssøknader frå Statnett og BKK om å etablere ein ny stor transformatorstasjon rett aust for Kollsnes og omlegging av 5 luftledningar i området inn mot stasjonen. Statnett søkjer i medhald av energilova om konsesjon for ny transformatorstasjon og omlegging av 4 420/300 kV luftledningar, medan BKK søkjer om konsesjon for ny koplingsstasjon inne på stasjonstomta til Statnett samt omlegging av ein 132 kV inn til tomta.

NVE har kunngjort søknaden i BT og Vestnytt medan Øygarden kommune har kunngjort på heimesider og i sosiale media.

Lenkjer til søknadane:

Lenkje til [Statnett](#) sin søknad

Lenkje til [BKK](#)

Det er og mogleg å sjå nærare på dei omsøkte tiltak i NVE sitt [kartverktøy](#)

Den 07. november inviterte NVE til folkemøte på Torsvikhuset for at NVE, Statnett og BKK kunne informere om søknaden og folk kunne stille spørsmål. Det møtte opp om lag 20 personar.


I 2020 leverte Statnett ei konseptvalutgreiing (KVU) for Bergen og omland til Olje og energidepartementet. KVU viste eit stort behov for å forsterka transmisjonsnettet (spenning over 132 kV) som forsyner regionen med kraft, og fleire av dei tiltaka som vart peika på er iverksett. Vidare publiserte Statnett i 2022 ein områdeplan for Bergensområdet og Haugalandet med ein trinnvis plan for auka kapasitet og fornying av aldrande anlegg. Den trinnvise utviklinga består av 5 trinn der trinn 1 omfattar spenningsoppgradering (frå 300 kV til 420 kV) av nettet mellom Modalen og Kollsnes, og trinn 2 er spenningsoppgradering mellom Sogndal og Modalen.

I konsesjonssøknaden til Statnett vert det søkt siste del av trinn 1 Modalen – Kollsnes. Det er ikkje mogleg å spenningsoppgradere eksisterande transformatorstasjon på Kollsnes, slik at det må byggast ein ny stasjon som gjer dette mogleg, og som samstundes tar høgde for eit auka straumbelastning i regionen. I dag er det omlag 500 megawatt forbruk i nærområdet til ny stasjon, der Kollsnes er den største forbrukaren. Berre i Energiparken er det i samband med nye energiinvesteringar innmeldt behov for opp mot 1100 megawatt. Ny stasjon vil vera ei viktig brikke for å kunne leggje til rette for omstilling og ei forventet forbruksauke av straum som ein konsekvens av dette. Ny stasjon vil og ta høgde for utbygging av vindkraft til havs og gjer det mogleg å få produsert straum inn på landnettet. Statnett har og varslet behov for ei ny 420 kV luftlinje frå Samnanger til omsøkt transformatorstasjon. I tillegg har og BKK grunna auka kraftbehov i Energiparken varslet behov for ein ny transformatorstasjon inne i Energiparken og ny luftlinje frå denne til omsøkt stasjon.

Statnett inviterte tidleg i søknadsprosessen ulike partar til å drøfte alternativ plasseringar. Dette var mellom anna tema på eit møte februar 2022 mellom Statnett og Øygarden kommune, Statsforvaltar og Vestland fylkeskommune (VLFK). Alternativ plassering på sørsida av Osundet er også omtalt og vurdert i søknaden til Statnett. I desse førebunde arbeida tilrådde kommunen at Statnett konsentrerte seg om alternativet på nordsida av Osundet (omsøkt løysing) grunna nærleik til eksisterande industriområde på Kollsnes, og fordi alternativet på sørsida av Osundet hadde høgare konfliktpotensiale når det gjeld natur og miljøinteresser. Det er og synleggjort i konsekvensutgreiinga (KU) som ligg ved søknaden.

BKK har vurdert om omlegging av 132 kV frå Blomøy til ny transformatorstasjon kunne vere gjennomført med jordkabel. I følgje BKK vil jordkabel vere dyrare og i tillegg gjeve utfordringar med kryssing av gassrørleidningar frå Kollsnes mot Energiparken.


Utsnitt frå søknaden til BKK:



Figur 2. Utsnitt av detaljkart som viser trasé for ny 132 kV luftledning fra østsiden av Osundet og frem til ny koblingsstasjon.

Til søknaden er det utarbeidd konsekvensutgreiing og støyrapport i tillegg til ulike teikningar og visualiseringar.

Statnett sine omsøkte tiltak:



Tegnforklaring

- | | | | |
|----------------------------|----------------------------------|---|---------------------------------|
| ● Stasjonsområde BKK | — Eksisterende distribusjonsnett | ▨ Planlagt elektrisk anlegg | □ Vei og parkering |
| ● Eksisterende stasjoner | — Eksisterende regionalnett | ▨ Elektriske anlegg, kondensatorbatteri | ▨ Opparbeidet område |
| — Ledning omlegging | — Ny eiendomsgrense | ▨ Elektrisk anlegg, SVS | ▨ Ny byggeforbudssone |
| — Ledning rives | — Gjerde mot BKKs stasjon | ▨ Elektrisk anlegg mulig utvidelse | ▨ Eksisterende byggeforbudssone |
| — Eksisterende sentralnett | ■ Bygg | □ Gjerde | |

Figur 2: Omsøkte tiltak



Illustrasjon av omsøkte Øygarden transformatorstasjon (frå konsesjonssøknaden til Statnett)

Får Statnett konsesjon er framdriftsplanen følgjande:

- Oppstart arbeid veg/grunn oktober 2024
- Oppstart arbeid bygningar mars 2025
- Oppstart arbeid leidningsstrekki juni 2027
- Ferdig opparbeidd innan utgangen av 2028

Faktaopplysningar

Fakta om omsøkt ny transformatorstasjon:

- Grunnarbeid for tomte vil omfatte om lag 82,6 dekar inklusive skråningar
- I tillegg til dette ervervar Statnett nødvendig areal rundt tomte – samla om lag 120 dekar
- Kotehøgde planert tomt er 31 moh. Knausar i området ligg på om lag 38 moh
- Det vert planlagt for massebalanse for både stein og lausmassar.
- Tilkomsveggar blir frå Kollsnesanlegget
- Det største bygget blir om lag 215 meter langt med høgde på 14 meter pluss installasjonar på 7 meter på taket.
- Samla kostnad er om lag 2,2-2,7 mrd.

Oppfølging av samfunnsdelen til kommuneplanen

[Kommuneplanen sin samfunnsdel](#) er tydeleg på at Øygarden skal vere blant dei mest attraktive kommunane i Noreg, både for lokale, nasjonale og internasjonale etablerarar (6.2.3) og kommunen skal vere eit nasjonal og global utstillingsvindaug for innovasjon og grøen omstilling (6.2.4).

Vidare seier samfunnsplanen at Øygarden er eit berekraftig lågutsleppsamfunn (7.2.2) der det er tydelege føringar for at kommunen skal aktivt sørge for eit grønt skifte. Samtidig er mål 7.2.3. tydeleg på at Øygarden skal vere staden for gode naturopplevingar fordi vi tek vare på naturen vår. Det vil ofte vere interesse motsetningar i endra arealbruk i kommunen. Som tidlegare nemnd har administrasjonen hatt dialog med Statnett om betydelege naturverdiar i område sør for Osundet.

Mål i samfunnsplanen seiar òg at *Øygardssamfunnet er eit helsefremjande, inkluderande og trygt samfunn* (4.2.1.) med føringar for m.a. å prioritera folkehelse i all fysisk planlegging, og førebyggja uønskta hendingar basert på risiko- og sårbarheitsanalysar.

<https://pub.framsikt.net/plan/oygarden/plan-d2736d65-dee9-4b5d-b6f4-98a99d799dc5-19091/#/generic/summary/a430fb7d-7c55-497d-bf30-d8b03151272b>

Konsekvensar for folkehelse

Sjekkliste for påverknadsfaktorar for folkehelsa

- Støy – ifølgje Statnett vil støynivå i driftsfasen vera under grensenivå. Det må påreknast noko støy i anleggsfasen
- Natur og miljøinteresser – konsekvensutgreiinga viser at begge alternativa har negative konsekvensar jf side 27 i KU. Samla sett er omsøkt alternativ vurdert til å ha minst negativ effekt.
- Estetiske verdiar – anlegget vil vera synleg frå busetnad i Rossnes/Kvernepollområdet.

VLFK har i sin uttale til søknaden peika på at Statnett ikkje har omtala folkehelse som eige tema i konsekvensutgreiinga (KU), men at folkehelse vert nemnt stykkevis i fleire av deltema gjennom dokumentet noko som kan gjera det vanskeleg å vurdere samla verknader.

Økonomiske konsekvensar

Øygarden kommune har eigedomsskatt på bruk og verk med 0,7% av kvar investert mrd. Nytt anlegg vil etter ferdigstilling kunne gje ein årleg eigedomsskatt på mellom 15 – 18 mill jf kostnadsanslag frå Statnett.

Etablering av Statnett sitt anlegg vil etablere infrastruktur som er heilt avgjerande for vidare næringsutvikling i Energiparken og på Kollsnes.

VURDERING OG KONKLUSJON

Slik Kommunedirektøren vurderer det er omsøkt etablering av ny transformatorstasjon og tilhøyrande nytt leidningsnett ei nødvendig oppgradering for å styrkje kraftforsyninga i regionen og møte stor forbruksvekst. Ein ny transformatorstasjon vil såleis vera heilt avgjerande for vidare utvikling av Energiparken og regional grøn omstilling.

Sjølv om omsøkte anlegg vil ha stor samfunnsnytte, må kommunen også sjå til at omsyn til innbyggjarane og natur- og miljøinteresser er tilstrekkeleg utgreidd og ivaretatt gjennom avbøtande tiltak.

Når det gjeld støy og fjernverknad av anlegget er det mogleg å leggje transformatorstasjonen lågare i terrenget. Dette var og oppe til diskusjon på folkemøtet. Sidan anlegget er planlagt med massebalanse vil kvar meter lenger ned i terrenget også bety store mengder ekstra massar som må handterast. Det er lite klimavenleg å flytte på desse og kostnadane vil auke, noko som vil påføre ekstra kostnader for folk flest som betaler for tiltaka over nettleiga. Kommunedirektøren meiner anlegget, på tross av storleik, vil liggje greitt i terrenget og vil ikkje be NVE pålegge Statnett å gjera avbøtande tiltak på plassering.

Det vil bli vilkår om mellom anna utforming, materialbruk og fargeval i seinare detaljplan. Det er viktig at Statnett arbeider med avbøtande tiltak for å minimere negative konsekvensar, og at dette vert gjeve særleg merksemd i vidare arbeid.

Det er utfordrande arealbruk under linjetraseane frå Oksneset over til Kollsnes, og nye linjer/omlegging av linjer er krevjande å samordne. Slik det er førespeglar vil ikkje endringar råke verdifullt næringsareal i Energiparken. Linja Lindås – Kollsnes er søkt lagt om frå kryss Oksneset/Dalsneset i ein meir nordleg trase mot ny transformatorstasjon. Nytt leidningsstrek vil gå over vegen rett sør for Osundet bru, og «landfall» på Oøy er i konflikt med registrerte kulturminne. Det vart i folkemøtet og påpeikt frå klatremiljø i Bergen at ein av dei viktigaste klatreveggane i området ligg litt sør for nytt luftstrek, på sørsida av Osundet. Fylket har i sin uttale bedt om at ein går i dialog for å sjå på moglegheit for å endre traseen til å liggje parallelt med eksisterande luftleidningar i sør. Kommunedirektøren er samd i denne vurderinga, men aksepterer at det er Statnett som må gjere dei samla faglege vurderingane om dette er tilrådeleg i forhold til framtidige planar, BKK sin planlagte bruk av frigjort trase, kostnader, og natur- og miljøinteresser.

I slike saker vil deg gjerne kome opp spørsmål om deler av omsøkt trase kan leggjast i kabel i staden for luftstrek. I folkemøtet på Torsvikhuset fekk Statnett dette spørsmålet, og dei sa at kabel var vurdert og forkasta i ein tidleg fase i prosessen grunna kostnader og kompleksitet.

BKK fekk konsesjon frå Olje og energidepartementet (OED) til dagens linje Kollsnes – Mongstad i 2012, etter at vedtak frå NVE vart påklaga av alle berørte kommunar. Gamle Øygarden kommune ønskte kabel frå dagens landfall på Ljøsneset inn Osundet og inn til Kollsnesområdet. Dette vart påpeika allereie i forslag til utgreiingsprogram i 2006. Denne kabelløysinga var ikkje ein del av omsøkt løysing frå BKK. I denne saka tok det 6 år frå forslag til utgreiingsprogram til endeleg vedtak frå OED. Statnett har heller ikkje søkt konsesjon for alternativ med kabling inn Osundet. Ber kommunen om at eit slikt alternativ skal vurderast kan NVE teoretisk pålegge Statnett å greie ut dette alternativet, noko som kan vera med å forseinke prosessen. Slik Kommunedirektøren vurderer det må det akseptast at framføring frå Ljøsneset til Kollsnes går i luftspenn og at vedtak frå OED frå 2012 også vil vera førande for denne søknaden til Statnett.

Oppsummering:

Kommunedirektøren vil tilrå at Plan og miljøutvalet støttar søknadane til Statnett og BKK og ser på omsøkte tiltak som avgjerande for vidare elektrifisering, næringsutvikling og forsyningstryggleik i regionen vår.

NVE må pålegge Statnett og BKK å arbeide heilskapleg med avbøtande tiltak som kan vera med å redusere negative konsekvensar for natur- og miljøinteresser og innbyggjarane våre. Dette inkluderer vurdering om omsøkt trase frå kryss Dalsneset/Oksneset mot Kollsnes kan leggjast lenger mot sør parallelt med dagens trase.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 14.12.2023:

Ugild:

John Alvsvåg (MDG) er tilsett i Statkraft og har hatt sentral rolle i utarbeiding av saksgrunnlag til konsesjonssøknaden. Utvalet erklærer representanten Alvsvåg til å vere ugild i å behandla saka i samsvar med FVL §6.

Votering:

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 14.12.2023 - 030/23

Vedtak i plan- og miljøutvalet:

Plan- og miljøutvalet støttar søknadane til Statnett og BKK og ser på omsøkte tiltak som avgjerande for vidare elektrifisering, næringsutvikling og forsyningstryggleik i regionen vår.

NVE må pålegge Statnett og BKK å arbeide heilskapleg med avbøtande tiltak som kan vera med å redusere negative konsekvensar for natur- og miljøinteresser og innbyggjarane våre. Dette inkluderer vurdering om omsøkt trase frå kryss Dalsneset/Oksneset mot Kollsnes kan leggjast lenger mot sør parallelt med dagens trase.